

Kven:	Inger Bergsåker Skregelid, Olav Erik Dahl, Karoline Gilje, Svein Kåre Vølstad, Torill Voll Haaland, Mari-Anne Haugsbakk
Tid og dato: Referent:	29.10.2025 kl. 17.00-18.00 Mari-Anne Haugsbakk
Saker og framlegg	Referat
Høyringsforslag skulerute	26/27: Vil sende inn to innspel. Innspel 1: Oppstart 19.08.2026, juleferie 18.12.2026 og siste skuledag 22.06.2027 Innspel 2: Oppstart 17.08.2026, juleferie 18.12.2026 og siste skuledag 18.06.2027 27/28: Sender inn eitt innspel: Oppstart etter påske 17.04.2028, fridag for elevar 02.06.2028
KFAU/FAU	Kommunalt FAU er starta opp. Saker frå sist møte: Korleis få gode foreldremøte? Tiltak og retningslinjer for bruk av teknologi i skulen Leirskule og økonomi
Lesing	Skulen er godt i gang med fokusområdet engasjerande lesing. I takt med faglig innhald, planlegg lærarane si undervisning, reflekterer i lag, gjennomfører og deler erfaringane. Det er nyttig og inspirerande. Gjesdal har over år hatt gode leseresultat, men litt lågare dei siste åra. Det blir spennande å sjå om vi klarer å auke desse resultatata på sikt.
Læringsmiljø	No skal det gjennomførast den årlege elevundersøkinga. Resultata vil føreliggje rundt årsskifte. Inntrykket til skulen er god trivsel og godt arbeid. Resultata for nasjonale prøvar har vore bra.
Økonomi og bemanning	Skulen har eit stabilt og godt arbeidsmiljø, og vi ligg førebels an til å nå målet med under 3% sjukefråvær. Vi har eit synkende elevtal, og dette påverkar den økonomiske ramma. For Dirdal skule blir det viktig at vi klarer å finne gode løysingar på organiseringa også i framtida. Det er viktig at skulen informerer og samhandlar med foreldregruppa, slik at dei er trygge på opplæringssituasjonen til barna, både fagleg, sosial og relasjonell utvikling.